

# Oppsummering innspel/merknader – oppstart

<b>Plannavn</b>	Detaljregulering Grebstadvegen
<b>Plan-ID</b>	15282018001
<b>Saksnummer (Nordplan/kommune)</b>	18087/
<b>Utarbeidd av</b>	Nordplan AS
<b>Datert/revidert</b>	28.08.18/ <b>07.05.19(i samband med det.reguleringsplan)</b>

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort i Sykkylvsbladet, på kommunen og Nordplan AS sine heimesider, 06.04.2018. I tillegg er grunneigarar og offentlege etatar tilskrivne. Frist for uttale var 11.05.18.

Vi gjer merksam på at vurderingane er gjort med basis i forprosjektet, og det kan verte endringar som følgje av nærare detaljplanlegging før endeleg reguleringsplan er klar.

*Endringar/innspele etter forprosjektet var ferdig, dvs. i samband med detaljreguleringsplanen, er lagt inn med raud kursiv tekst.*

Det er komme inn 16 merknader. Hovudinnhaldet og våre vurderingar av innspel er oppsummert slik:

Nr	Dato/avsendar	Oppsummert innspel	Nordplan sin kommentar
1	Fylkesmannen i MR, brev av 06.04.18.	<u>Støy</u> All utbetring av veg bør i utgangspunktet føre til støyvurdering og ev. avbøtande tiltak. For reine miljøtiltak og gang-/sykkeltiltak som ikkje endrar støytilhøva, treng dette ikkje alltid vere nødvendig.  Dersom ein vurderer støy som uproblematisk i denne saka, vil ei kort skildring av situasjonen vere tilstrekkeleg.	Trafikkmengda langs eksisterande veg er låg i dag. Vi antar, med grunnlag i oppteljing av omkringliggande etablerte bustader og framtidige regulerte tomter, at ÅDT vert maks 300. Til samanlikning er ÅDT på fylkesvegen, Dalevegen, 600.  Ut frå dette ser vi ikkje at det er behov for støyvurdering eller skjermingstiltak. Dette blir nærare kommentert i planomtalen.
2	MR fylkeskommune, brev av 07.05.18.	<u>Kulturminner</u> Det blir stilt krav om arkeologisk registrering. SEFRAK-registrerte objekt må omtalast og vurderast i planprosessen.	Arkeologisk registrering er tinga, og SEFRAK-objekt vil bli vurdert (sjå oppstartsmøteref. 3 objekt). Forhold knytt til kulturminna og ev. funn vil bli kommentert/vurdert i planomtalen etter høyring.
3	SVV, brev av 17.04.18.	Tar utgangspunkt i at regulert kryssløysing mellom Grebstadvn. og fv 73 Dalevegen blir oppretthalde med mindre justeringar/tilpassingar.	Kryss mellom fv.73 og Grebstadvegen blir justert noko vestover i forhold til reguleringa frå 1989. Dette for å få krysset i samsvar med SVV sin

		<p>Eimsvegen bør koplatt til Grebstadvegen, slik at dagens tilknytning til fylkesvegen blir fjerna.</p> <p>Kryss mot fv.73 må utformast i samsvar med vegnormalen N100, nødvendig siktretkant må ligge innanfor planavgrensinga.</p>	<p>standard, utnytte restareal til bustadformål, og for å få kopla Eimsvegen til Grebstadvegen.</p> <p>Siktretkant vil bli regulert inn.</p>
4	NVE, e-post av 30.04.18.	Ingen merknad, utover generell tilbakemelding mht innspel/uttale knytt til deira saksområde.	Merknad tatt til orientering. Ingen kjende naturfarar i området.
5	Grebstadlia grendelag og Grebstadhagen Vel, e-post av 10.05.18	<p>Ber om at det blir planlagt tryggare skuleveg. Ved :</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- at gs-veg i Kagholen blir forlenga til kryss Grebstadhagen.</li> <li>- etablering av gangfelt med skilting på/langs Grebstadvegen, frå eksisterande gs-veg.</li> <li>- fartsgrense 30 km/t langs Grebstadhagen, og etablering av fartsdumpar.</li> </ul> <p>Fortau langs Grebstadlia manglar vedlikehald og er nedslitt. Her er heller ingen gatelys.</p>	<p>Det er behov for eit trygt kryssingspunkt for mjuke trafikantar og reguleringsplanen vil regulere det inn. Ofte vert ikkje fotgjengarovergangar markert med kvitestriper på vegar av denne standard. Vurdering knytt til utforming og skilting må gjerast på byggeplan</p> <p>Endring av fartsgrense og etablering av fartsdumpar i Grebstadhagen må vurderast i eiga sak. Det same gjeld for fortau og gatelys i Grebstadlia.</p>
6	Nils Bakke, epost av 17.04.18, brev av 14.01.18 og av 14.03.15	<p>Bakke er imot tiltaket slikt det er planlagt tidlegare. Dette fordi vegen kjem nær det gamle våningshuset, og reiskapshuset på garden gbnr 7/38. Det er planlagt utviding av veranda og bygging av ny dobbel garasje. Meiner løysinga er urimeleg fordi det beslaglegg mykje areal på den delen av tomta som det er trøngt frå før. Løysinga er urettferdig då kommunen har godtatt smalare fortausløysingar andre stadar, medan ein her legg opp til gang- og sykkelveg.</p> <p>Bakke vil gi sitt bidra til utbetring av vegen, dersom den blir justert 2 meter sørover i byte mot Skjold Lyshol, kombinert med ei kraftig innsnevring av gangvegen ned til 2 meter breidde med 1 meter avstand mot vegkant. Det er tilstrekkeleg med dagens gangtrafikk. Seier også at ei moderat senking av vegen og gangvegen på den høgaste strekninga er positiv for utforming av vegkryss, både for oversikt og mindre vegskråning nord for vegkanten.</p> <p>Dersom det ikkje blir semje om dette, så foreslår han at vegen blir utbetra som den er – men utan gangveg.</p> <p><i>Etter presentasjonen av forprosjektet i NU-møtet fekk vi utdjupande forklaring frå grunneigar i området som forklarte korleis han meinte vi kunne forskyve vegen. Vi fekk også avklart med kommunen korleis vi ytterlegare kunne justere Kagholvegen.</i></p>	<p>Forprosjektet foreslår ei totalt reguleringsbreidde på 12m. Til samanlikning er gjeldande reguleringsplan vist med total reguleringsbreidde 16,5m. Gs-veg er endra til fortau, med breidde 3,25m.</p> <p>I grensa mellom Nils Bakke og Skjold Lyshol utgjer dette at grensa for anna vegggrunn er trekt meir enn 4m lenger sør enn i gammal reguleringsplan.</p> <p><i>I forhold til forprosjektet er planforslaget no justert slik at den er 5m lenger sør enn gjeldande reguleringsplan. ( målt langs eigedomsgrensa. )</i></p> <p>I anleggsfasen vil noko meir areal langs traseen verte mellombels beslaglagt. Dette arealet vert ordna til og tilbakeført til grunneigar når tiltaket er ferdig bygd.</p> <p>Samanlikna med eksisterande vegkant (i grensa mellom Nils Bakke og Skjold Lyshol) vert fortauskant ca 4m inn på eigedommane, og i tillegg kjem 1,5m til anna vegggrunn/grøfter.</p> <p><i>Dette er justert i reguleringsutkastet slik at avstanden er nesten 3,5m målt langs eigedomsgrensa.</i></p> <p>Det er verd å merke seg at fortauet skiftar side av vegen i dette området, og at vegen aust for kryssinga knapt kjem inn på Nils Bakke sin eigedom.</p> <p>Linjeføringa må sjåast i samanheng med tilkopling til vegar, avkøyrslar og</p>

			<p>ev. snarveg. Forprosjektet legg opp til å heve vegen noko i krysset med Kagholvegen, men utjamne det slik at høgbrekket ikkje vert so markert. Linjeføringa er ikkje endeleg avklara.</p> <p><i>Planforslaget er no i tråd med det vi oppfatta som grunneigarar ønskje. Linjeføringa er vedlegg til reguleringsplanen.</i></p>
7	Skjold Lyshol og Bengt Ronny Lyshol, epost av 07.05.18	<p>Skjold Lyshol eig gbnr 7/19 og 7/26, og Bengt Ronny Lyshol gbnr 7/247.</p> <p>Dei uttaler at vegareal må fordelast like mellom eigedomane gbnr 7/19 og 7/77. Frå kryss Grebstadlia og fram til avkøyrsla til 7/77, kan den ligge på 7/19. Deretter på 7/77 fram til Kagholvegen, og då over på 7/26. Dette fører til at ein flytter vegen litt sørover, og rettar den ut i forhold til i dag.</p> <p>Dei vil gå inn for ei vegbreidde på 5 meter og fortau på 2 meter.</p> <p>Vegen må ikkje kome ned i hagen på 7/247.</p> <p><i>Etter presentasjonen av forprosjektet i NU-møtet fekk vi utdjupande forklaring frå grunneigarar korleis han ønskte at vi skulle forskyve vegen inn på gbnr 7/26. Vi fekk også avklart med kommunen korleis vi ytterlegare kunne justere Kagholvegen.</i></p>	<p>I forprosjektet har vi forsøkt å fordele ulempene mellom grunneigarane.</p> <p>Forprosjektet foreslår vegbreidde 5,75m, med fortau 3,25m. Total reguleringsbreidde er foreslått med 12m, inkl. anna veggrunn. Til samanlikning er gjeldande reguleringsplan regulert med 16,5m breidde.</p> <p>Regulert veg, inkludert anna veggrunn er ikkje inn på eigedom med gbnr 7/247 i forprosjektet. Vi gjer merksam på at anleggsbelte kan komme noko inn på eigdommen. Dette arealet vert ordna til og tilbakeført til grunneigar når tiltaket er ferdig bygd.</p> <p><i>Etter NU-møtet og innspela derifrå er Grebstadvegen og krysset med Kagholvegen forskyve litt lenger sør og vest. Grebstadvegen er også noko senka for å redusere fallet på avkøyrsla ned til eigedom med gbnr 7/247. Planforslaget er no best mogeleg i tråd med det vi oppfatta som grunneigarar ønskje. Lengdeprofil for både vegane og avkøyrslar ligg ved reguleringsplanen.</i></p>
8	Bebuarane som brukar og bur i Eimsvegen, brev av 09.05.18	Ber om at Eimsvegen blir knytt til Grebstadvegen, og dagens kryss til fv 73, Dalevegen blir stengt.	Merknaden blir imøtekommen. Jf. kommentar til vegvesenet sin merknad i pkt.3
9	Jan Inge Espe, epost av 09.05.18	<p>Eigar av gbnr 7/20. Ønskjer at vegen blir lagt 5 meter lenger frå huset enn vist i tidlegare planforslag (1989). Dette fordi eksisterande løe må rivast, og han vil erstatte denne med eit kombinert reiskapshus/vedskjul/garasje. Ei garasje treng litt avstand frå vegen.</p> <p>Naboane på andre sida av vegen ser gjerne at vegkant vert som i dag.</p>	<p>Forprosjektet legg opp til ein trasè som går noko lenger nord enn det gjeldande reguleringsplan gjorde. Vegen ligg på det næraste 5-6m lenger frå huset, og er soleis i tråd med grunneigarar ønskje. Den eksisterande løa må rivast. Plassering av ny garasje/uthus må vurderast i eiga sak.</p> <p>Ulempa i form av tapt areal, er forsøkt fordelt på grunneigarane.</p>
10	Ståle Johan Aurdal, e-post av 10.05.18. (Merknad også gitt 21.04.15, av Amund Aurdal)	<p>Eigar av gbnr 7/10. Ønskjer ikkje vegen nærare enn i dag, og at det berre blir bilveg ikkje g/s-veg.</p> <p>Stabburstrappa kan fjernast om nødvendig, og stabburet kan også flyttast om det er behov for det.</p>	I forprosjektet er vegen foreslått flytta noko nordover, og lenger unna bustadhuset slik han ønskjer. Vegen er foreslått regulert med fortau i staden for gs-veg.

			Stabburet må flyttast og det gamle uthuset attmed må rivast/flyttast.
11	Jostein Grebstad, e-post av 10.05.18	Eigar av gbnr 7/69. Ønskjer at veggen blir flytta sørover for å få større avstand mellom bustadhus og veg. Grebstad har oppfatta det slik at eigar av gbnr 7/18, aksepterer denne løysinga. Dersom ein flyttar utviding av veggen sørover heilt frå gbnr 7/26, vil ein få ei rettar veglinje. Meiner at fortausløysing er det beste, særleg i forhold til arealbeslag.	Veggen er flytta sørover samanlikna med gjeldande regulering og dagens veg. Regulert vegareal vert dermed liggande utanom denne eigedommen.  I anleggsfasen vil noko areal på eigedomen bli råka, og nytta til mellombels anleggsbelte. Dette arealet vert ordna til, og tilbakeført til grunneigar når tiltaket er ferdig bygd.
12	Leif Inge Grebstad, e-post av 11.05.18.	Eigar av gbnr 7/9. Synes at tidlegare planlagd veg (1989) kjem for nær både nyehuset og gamlehuset. I dag er avstanden 8 meter. Det er også to store blodbøker ved innkøyrsla til huset som han svært gjerne vil behalde.  Han er tilhengar av gs-veg/fortau bli planlagd på nordsida av sjølve veggen frå kryss Grebstadlia til Dalevegen.	Veggen er flytta sørover, i forhold til gjeldande regulering og dagens veg, ved gamlehuset og blodbøkene. Desse store trea er viktige landskapselement langs veggen, og ønskeleg å bevare. For å sikre trea, bør dei innmålast før endeleg trasè vert regulert.  <i>Ved nyehuset er avstanden frå austleg hjørne til anna veggrunn knappe 12m, og frå vestleg hjørne knappe 15,5m (målt vinkelrett på anna veggrunn). Til samanlikning er dagens veg ca 15m ifrå begge hushjørna, og 13,5 om ein reknar tilsvarande areal til anna veggrunn(1,5m). Den gamle reguleringsplanen hadde knappe 11m i aust og knappe 12m i vest. Tala viser at planforslaget gir betra situasjon i forhold til godkjent reguleringsplan, og ei lita «forverring» i aust i forhold til dagens etablerte situasjon. Avkøyrsla til bustaden ligg i aust, og det er soleis ikkje det verste arealet å miste.</i>  <i>Blodbøkene vart målt inn av oppdragsgievar 01.10.18. Veggen er justert/kvalitetssikra som følgje av det. Sidan rotsystemet til trea kjem inn i anleggsbelte vert det stilt krav i føresegnene til å ta særskild omsyn til det i dette området.</i>  Fortauet er i dette området lagt på sørsida av veggen, og skiftar til nordsida av veggen rett aust for krysset med Kagholvegen.
13	Anne May Kleppe, e-post av 11.05.18.	Eigar av gbnr 7/29. Veggen bør rettast ut for å unngå svingane. Forlanger at eigedomen bli halde totalt utanfor utbygginga.	Merknaden er ikkje mogleg å imøtekomme. Avstanden til bustaden og veggen er stor, og ulempene er såleis få. Arealbeslaget blir fordelt så godt som råd på dei tilstøytande eigedomane langs veggen. For denne eigedommen er det beslaglagt svært lite areal ( <i>ca 0,18 daa permanent</i> ). I anleggsfasen vil det vere behov for eit mellombels anleggsbelte på eigedomen. Dette arealet vert ordna til og tilbakeført til grunneigar når tiltaket er ferdig bygd.

14	Grebstad Grunneigarlag v/ Håkon Strandabø, brev av 07.05.18.	Uttalar at ein bør sjå vekk frå planen frå 1989. Vegen bør tilpassast landskap og ta omsyn til etablert busetnad. Den bør ikkje kome unødig nær etablerte bustadar, og gi minst mogleg arealbeslag og innsyn.	<p>Planen frå 1989 er utgangspunkt for arbeidet, men samstundes har vi forsøkt å frigjere oss frå det som er planlagt tidlegare. Vårt utgangspunkt har vore å imøtekome grunneigarane så langt råd ved å tilpasse oss dagens situasjon, samstundes som tilkomstveg og gangvegssystem skal bli funksjonelle både i dag og framtida.</p> <p>Arealulempene er forsøkt fordelt på eigedomane langs vegen, og omfang av inngrep er minimalisert så mykje som råd.</p> <p>Vi viser elles til forprosjektet m.o.t vegstandard og løysingar vi har valt.</p>
15	Kristin Perly Strømme, brev av 09.05.18.	Eigar av gbnr 7/18. Uttalar også at ein bør sjå vekk frå planen frå 1989, og at fortausløyising er best. Ho vil avstå nødvendig veggrunn slik at vegen kan trekkast sørover, og rettast ut.	Forprosjektet legg til rette for løysing med fortau i staden for gs-veg. Vegen er flytta noko sørover samanlikna med gjeldande reguleringsplan, og dagens veg. Pga. mindre total reguleringsbreidde, vil forprosjektvegen beslaglegge mindre areal enn gjeldande regulert veg gjer.
16	Tone A. Grebstad, e-post av 07.05.18.	Eigar av gbnr 7/1. Uttalar at dersom g/s-veg skal gå over hennar eigedom til ny skule ved Bakkeøyane, må vegen leggest vest om løa og ikkje gjennom tunet. Grunn må ervervast og veg opprustast. Gs-veg gjennom tunet blir ikkje akseptert.	<p><i>Etter forprosjektet vart det avklara at omlegginga av Sjurvegen i øvre del skulle takast med i planforslaget, men ikkje lenger ned enn at ein treff inn igjen på dagens trasè. Øvste del, (frå Grebstadvegen) vert regulert til offentleg veg, medan vegen vidare framleis er privat. Pga stigningsforholda er det ikkje mogeleg å oppfylle krav til gang- og sykkelveg. Ved å betre tilkomsten til eigedommane vil ein også betre situasjonen for dei som allereie nyttar privatvegen som snarveg, og gi ein meir oversiktleg situasjon i krysset mellom Kagholvegen og Grebstadvegen.</i></p> <p><i>Om Sjurvegen skal leggest om/oppgraderast vidare nedover må det komme i ein eigen reguleringsplan. Gjer merksam på at gangvegen på Sjurvegen er forslått lagt utanom tunet på gbnr 7/1 i rulleringa av «Kommunedelplan for utvida sentrumsområde».</i></p>

*I prosessen med reguleringsplanen var vi i kontakt med Sykkylven Energi. Dei informerte om at dei ville vurdere rør i den nye Grebstadvegen for å kunne legge om lufttrasèen til høgspentlina som går rett nord for planområdet. Dei fortalde elles at jordkabelen for austlegaste del av høgspenttrasèen må skiftast innan få år pga. alder. For VA-anlegget hadde dei ingen konkrete planar om å legge om eller ha rør i vegen, men dei ville komme tilbake til det når dei hadde gjort ei meir konkret vurdering.*